



Gro Borkner

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1318 - 18/7016

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

04.04.2018

Møtereferat - Mjåtveit Terrasse AS

Dato: 21.03.2018

Stad: Rådhuset i Meland

Møtedeltakarar

Meland kommune: Ingrid Raniseth, Anny Bastesen, Kristin Nåmdal

Mjåtveit Terrasse, forslagsstiller: Leif Jan Fosse

SE arkitektur AS, konsulent: Gro Borkner, Stig Eide

Referat frå møte vedr regulering av gnr. 18 bnr. 45, gnr. 22 bnr. 62, 264 og 265 på Mjåtveit.

SE arkitektur AS:

Stig Eide og Gro Borkner orienterte om SE arkitektur og deira rolle som konsulent for Mjåtveit Terrasse. I hovudsak ønskjer ein med dette møtet å få klarheit i medverknadsprosessen for områdereguleringa og korleis grunneigarar i planområdet aktivt kan medverke utviklinga av eigen eigedom. Grunneigarar ønskjer at tomte vert regulert til bustadformål i tråd med KPA og at detaljeringa er høg slik at ein kan gå rett på byggesak etter vedtak av områdeplanen.

Viser elles til vedlagt dokument for utfyllande informasjon.

Meland kommune:

Administrasjonen orienterte om kvar ein er i planprosessen for Områdeplan for Dalstø/Mjåtveitstø.

- Merknadsmøte var halde 1. februar med Ard arealplan As (konsulent) og Furefjellet AS (forslagsstiller) og planen er no under utarbeiding
- I april/mai skal det gjennomførast workshop med Ungdomsrådet i regi av Multiconsult som er konsulent for Områdeplan for Langelandskogen. Ard vil også delta her. Eit av måla er å drøfte korleis dei pågåande områdeplanane kan bidra til ei positiv utvikling av Frekhaugområdet
- I mai vil Ard gjennomføre Barnetråkk-registrering med 6. trinn på Sagstad barneskule

Rullering av kommuneplan på deltema

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- I vedtatt planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema skal ein vurdere område for barneskule i aksen Frekhaug-Dalstø. Kommunen har no ute eit anbod som skal vurdere plassering innafor bustadfelt B8 og B9 i kommuneplanens arealdel. Konsulentfirmaet som får oppdraget skal foreslå 2 aktuelle plasseringar i det gitte området. Endelig frist for oppdraget er sett til 6. juni 2018.
- Kommunen forselår at møte med grunneigarar vert sett til etter 6. juni. Vedtak av plassering av barneskulen vert til hausten og ein lyt vurdere om det kan vere hensiktsmessig å vente med møte til det føreligg vedtak frå Formannskapet.
- Administrasjonen rår til at i hovudkommunikasjon mellom grunneigarar og Furefjellet AS bør skje via Ard som prosjektansvarleg for områdeplan. Sakshandsamar hjå kommunen kan stille på møter.

Vidare informerte administrasjonen i møtet om at tilkomst til B9 via regulert veg i Mjåtveit næringspark vil ein fraråde og at administrasjonen vil vere negativ til ei slik løysing.

Vidare framdrift:

Ard arealplan AS skal oppdatere framdriftsplan/plan for medverknad for områdereguleringa. Denne skal sendas til SE arkitektur AS. Planen lyt innhalda datoar for medverknadsmøter for grunneigarar i planområdet. Administrasjonen kjem med innspel til møtedato og møtestad.

Med helsing

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Brev til Meland kommune- Ard

Kopi til:

Ard Arealplan AS

7 etasje
Nygårdsgaten 114

5008

BERGEN